

Etnedal kulturskule har som mål å vera eit resurssenter i bygda, fyrst og fremst som eit tilbod til born og unge frå 1. klasse og oppover. Musikk og kultur skapar positive sosiale relasjonar. I kulturskulen får elevane undervisning i ulike kunst- og kulturuttrykk gjennom kreativ læring og oppleving, og dei kan oppdage og utforske nye sider ved seg sjølv. Kulturskulen ynskjer å formidle verdien i opplæring på kulturfeltet som kunstforståing og ei dannelsesreise for den enkelte elev. Og me likar å danse og spela konsertar og vise fram kunst!


Undervisninga følgjer skuleruta og skjer på skulen i eigne lokale, enkeltvis eller i grupper, fortrinnsvis etter skuletid måndag, tysdag og torsdag. Tidspunkt for timane blir avtala med kulturskulen ved starten av skuleåret. Lengda på undervisninga kan variere etter elevens behov og etter gruppestørrelse. Noko av undervisninga blir også gitt i form av seminar og fellessamlingar. Me har felles lærarar med fleire av våre nabokommunar, noko som opnar for samarbeid over kommunegrensene.

Påmeldingsfrist til kulturskulen er 1. april kvart år, og me tek berre i mot påmeldingar på nettet. Treng du hjelp til dette, ta kontakt med servicekontoret i Etnedal kommune.

NB! Elevar som alt har ein plass i kulturskulen, treng ikkje å registrere seg på nytt. Elevar som vil slutte eller byte fag, må gjera dette skriftleg til rektor før 15. mai.



Velkomen til eit
kreativt og
levande miljø!



**ETNEDAL
KULTURSKULE**

Skuleåret 2024-25

Kontaktperson i kulturskulen

Bente Hemsing (rektor)

bente.hemsing@etnedal.kommune.no

Tlf: 971 52 445

Elevkontingent pr semester

Individuell song- og instrumentundervisning	1680,-
Individuell song- og instrumentopplærintilbod, vaksne	3360,-
Kunstfag inkl. materiell	1150,-
Dans	1100,-
Band	1100,-
Kulturskulekor	1050,-
Småtrølltreff på Fagernes	600,-
Utvida speletime	500,-

Instrumentutleige

Kulturskulen har nokre instrument til utleige: langeleik, hardingfele, fiolin, toradar og xylofon. Pris for leige er kr 420,- pr semester.

Kven underviser?

Lars Erik Haugerud (*Bruflat musikklag*)

Bente Hemsing (*fiolin, hardingfele, tradisjonssong*)

Arne Nygård (*gitar, bassgitar, ukulele, band, popsong*)

Sergio Okstad (*piano, keyboard, kyrkjeorgel*)

Solfrid Olmhus (*stepping, langeleik*)

Hege Rotnes (*Bruflat sangkor*)

Anne Hilde Taralstad (*kunstfag*)

Pinky Saetang (*dans*)

Ved stor søking til enkelte instrument og tilbod, kan eleven bli satt på ei venteliste. Dersom det er ledige elevplassar, opnar me for at vaksne kan melde seg som elev, men då til dobbel pris.

Undervisningstilbod 2024–25

- Piano
- Keyboard
- Kyrkjeorgel
- Hardingfele
- Langeleik (*undervisning Bagn, onsdag*)
- Fiolin
- Gitar
- Bassgitar
- Ukulele
- Popsong/band/samspel
- Slagverk
- Tradisjonssong, einetime og gruppe
- Kunstfag
- Toradar (*undervisning på Fagernes*)
- Stepping (*undervisning Bagn, måndag kl. 17*)

Andre tilbod

Teorikurs, enkel musikkforståing for nybyrjarar, elevlar og foreldre.

Valdresstrykerne, samspel/orkestre på fleire nivå ope for alle strykeelevar i Valdres. Øvingar på Trykkeriet på Fagernes.

FolkemusikkUNG, ekstra gratistilbod til folkemusikk-elevar. Samlingar på Valdres folkemuseum ein gong i månaden og enkelte laurdagar. Sjå FB-sida for datoar.

Individuell instrumentopplæring for vaksne. (*Dersom det er leidige plassar.*)

Kor og korps

Koret og korpset i Etnedal er for ungdom og vaksne, og dei er ein del av kulturskulen. Ta gjerne kontakt dersom du er interessert i å vera med:

Bruflat songkor

Dirigent & Kontaktperson Hege Rotnes

Tlf 469 65 670

Øving er tysdagar på skulen.

Bruflat musikklag

Dirigent Lars Erik Haugerud

Kontaktperson Åge Kleven

Tlf 957 97 299

Øving er tysdagar på Moajordet.

